

Johannes Lie
Lurevegen 358 B
5912 SEIM

Vår dato: 30.09.2019
Vår ref.: 201910007-3
Arkiv: 411
Dykkar dato: 08.09.2019
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Idun Nessestrand Vefring

NVE si uttale - Søknad om bekkelukking - GBnr 156/39 mfl - Lindås kommune

NVE syner til brev dagsett 24.09.19, der Johannes Lie mfl. ynskjer uttale på omsøkt bekkelukking ved GBnr 156/39, 156/40 og 156/2.

Den omsøkte bekken har til tider liten eller ingen vassføring. Bekken får tilførsel frå overløp til brønn/dam oppstraums Lurevegen, GBnr 156/2.

Det skal nyttast 400mm anleggstrøyr, samt fylling av sprengstein rundt. Lengda på røyrkata vert om lag 100meter. Det skal etablerast inspeksjonskum i grensa mellom GBnr 156/39 og 156/40. Røyrkata vil ikkje gå under dei omsøkte bygningane og vil ligge i det lågaste punktet i terrenget langs heile traseen.

NVE si uttale

NVE skal vurdere tiltaket opp mot §8 i vassressurslova, konsesjonspliktige tiltak; *Ingen må iverksette vassdragstiltak som kna vere til nemneverdig skade eller ulempe for noen almenne interesser i vassdraget eller sjøen, utan at det skjer i medhold av reglene i §12 eller §15, eller med konsesjon frå vassdragsmyndighetene.*

Ut frå det NVE kan sjå av innsendt informasjon vil bekkelukkinga omfatte flytting av bekken frå noverande lokalitet, og om lag 30meter aust.

Bekkelukking bør generelt unngåast. Bekkar skapar variasjon i landskapet, og mange plantar og dyr er knytt til dei. Bekkane har både grunna vasspegel, og vegetasjon, verdi for både det biologiske mangfaldet, og for natur- og kulturlandskapet. Vidare bidreg opne bekkar til reduksjon av forureining nedstraums. Opne bekkar gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, av di dei normalt har større kapasitet til å leie flaumvatn enn røyr, og av di dei gir betre mogelegheit til å kontrollere avrenning i flaumsituasjonar.

Om kommunen tillèt lukking, er det viktig at alternative flaumvegar er sikra. Tiltakshavar må dokumentere at røyra er dimensjonert for stor flaum, og tiltakshavar må sjå til at det er alternative, sikre flaumvegar for flaumvatnet når røyret går fult, slik at det ikkje oppstår skadar. Etter vassressurslova §47 kan skadar på andre eigedomar som følgje av feil utforming og/ eller manglande vedlikehald, medføre erstatningskrav.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi vil og minne om at lukka bekkar krev areal, då det ikkje må etablerast bygg over lukka bekkar.

NVE anbefalar at tilrådingane, utheva i tekst, vert dokumentert før eventuell godkjenning vert gjeve. NVE kan ikkje sjå at det er teke omsyn til dette i innsendt søknad.

Utanom dette vurderar NVE at planen slik den er lagt fram, ikkje krev noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova. Tiltaket må handsamast vidare etter plan- og bygningslova.

Generell informasjon

I vassressurslova kap. 2 er det gjeve ålmenne reglar om tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i vassressurslova § 5. Paragrafen gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne og private interesser.

NVE gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det syner seg at ålmenne interesser kan verte påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. I slike tilfelle må plan for tiltaket sendast NVE for ny vurdering.

NVE kan med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting for utførte vassdragstiltak som i ettertid vert vurdert som konsesjonspliktige etter vassressurslova. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudsynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

NVE minner om at tiltaket må avklarast i høve anna relevant regelverk som t.d. plan- og bygningslova og naturmangfaldslova.

Tiltakshavar kan verte ansvarleg for eventuelle skader og ulemper på ålmenne og private interesser som fylgjer av tiltaket, jf. vassressurslova § 47.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Emilie Lie
ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no
Lindås kommune